

Epost frå Alf Erik Røyrvik

Forvaltar for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og Ålfotbreen landskapsvernområde

11.01.2013.

Før nyttår flytta vi 100.000 av bestillingsdialogmidlane for 2012 over til Naustdal kommune, og tanken er å bruke desse til uttak av gran i Vonaområdet no i vinter.

Dette gjeld i utgangspunktet innanfor landskapsvernområdet, men det kan og vere aktuelt rett utanfor grensa om det er ønskeleg og hensiktsmessig.

No har vi vel beste hogstforholda vi har hatt på årevis, og vi bør kaste oss rundt å legge ein plan for bruken av desse midlane.

Kor bør vi sette inn innsatsen i første omgang?

Korleis skal vi gjennomføre det?

Er der lokale krefter/grunneigarar som er interesserte i å gjere ein innsats? Eller må vi hente inn folk utanifrå?

Henning Malones, Rune Holen og eg skal møtast ved **kommunehuset i Naustdal på førstkommande onsdag, altså onsdag 16.jan kl 10.**

Derifrå tek vi turen innover til Vona.

Alle som har lyst å vere med er velkomne til å vere med på synfaringa.

Etter synfaring vil vi ta kontakt med aktuelle grunneigarar, dersom dei då ikkje er med på synfaringa.

Om nokon har innspel, men ikkje har høve til å vere med, kan dei sende dei til meg på e-post eller ringe meg (helst e-post).

Venleg helsing

Alf Erik Røyrvik

Forvaltar for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og Ålfotbreen landskapsvernområde

Tlf: 57643138 / mob: 95889475

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal>

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Alfotbreen>